



Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 01.11.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14.00

Tilstades i møtet: Susanne S. Slettebakken (leiar), Ebbe Io (1.nestleiar), Marcus Skjelvik (2.nestleiar), Malin Rasmussen (vara), Hedda Elise Winther, Anne-Sofie Knudsen Håvik (vara), Ling Michelle Aadahl, Bjørn Sagstad, Danniella Josephine Fennelly, Daniel Bratshaug (vara).

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Martin Kulild

Sakliste

Saknr	Tittel
42/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
43/2018	Godkjenning av møtebok
44/2018	Referatsaker
45/2018	Aktuelle saker
46/2018	Orientering om kommunale planprosessar til Ungdomsrådet
47/2018	Orientering og offentleg ettersyn rådmannen sitt framlegg budsjett

42/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

Sak 46 vert utsett til neste møte. Sak 47 var sendt ut som tilleggssak.

UR - 42/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste med utsett sak og tilleggssak vart godkjent.

43/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok vert godkjent."

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 43/2018 VEDTAK:

Møtebok vert godkjent.

44/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UR - 44/2018 VEDTAK:

45/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

Leiar kom med framlegg om at sak 1 vert utsett til det er ansatt ny ungdomskordinator. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedtatt. Sak 2 vart diskutert og fire representantar meldte seg til å delta på kurset 22. november.

UR - 45/2018 VEDTAK:

Sak 1 utsetjast til det er ansatt ein ny ungdomskordinator. Det vert kurs om lesarinnlegg med Strilen 22.november klokka 16-17 på UNG Meland.

46/2018: Orientering om kommunale planprosessar til Ungdomsrådet

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet kjem med innspel i møtet

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

Leiar kom med framlegg om at saka vert utsett. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedtatt.

UR - 46/2018 VEDTAK:

Saka vart utsett til neste møte.

47/2018: Orientering og offentleg ettersyn rådmannen sitt framlegg budsjett

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet kjem med innspel i møtet

01.11.2018 UNGDOMSRÅDET

Rådmannen orienterte og viste ein Power-Point presentasjon. Ungdomsrådet har følgende innspel:

Det er bekymringsverdig at budsjettet kuttar i spesialundervisning, eldreomsorg og trivselstiltak på skulen.

Ungdomsrådet er bekymra for endring av skulestrukturen.

Dersom ungdomstrinnet på Rossland flyttes til Meland Ungdomsskule vil mange få veldig lang skuleveg.

Dersom ein kuttar lærartettheten på Vestbygd, kan behovet for spesialundervisning auke. Om 5.-7. klasse flyttes til Rossland skule, der ein eventuelt har kuttet i tilbodet om spesialundervisning, er dette svært uheldig.

Når ein kuttar trivselsleiar, kantine og utfluktar fjernar ein dei tinga elevane gleiar seg til og sett pris på. Samtidig som dei får mindre areal til utemiljø grunna fleire elevar og utbygging av nye klasserom. Meland ungdomsskule har utfordringar i miljøet og dette kan føre til ein negativ utvikling.

Kantinen er viktig både for trivsel og helse.

Den kulturelle skulesekken er nødvendig. Det er bra at unge får oppleve andre kulturer, det gjer at ein vert meir open for andre kulturar når man er eldre. Spesialundervisning til dei som treng det er nødvendig og må tilbys i tilstrekkeleg grad.

Det er bra at kommunen har psykolog.

Det er bra at Meieriet startar opp.

UR - 47/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet meiner det er bekymringsverdige kutt innanfor skule og eldreomsorg i framlegget for budsjettet for 2019.

Desse inkluderer tiltaka om endring i skulestrukturen, utfluktane elevane vanlegvis drar på elles i året og kutt i plassar for eldre på sjukeheimen.

Vi sett stor pris på at Meieriet skal starte opp i løpet av neste år, og at kommunen har kommunepsykolog.
